

# Samanfatta Kravspesifikasjon

## 1.1 Generelle krav til utføring av drift og vedlikehald

Entreprenøren skal sørge for at vegnettet er framkommeleg for trafikantane (fotgjengarar, syklistar og køyretøy) etter kontrakta sin standard og kravspesifikasjonar, med sikring av trafikksikkerhet, miljø og service for trafikantane og vegens naboar.

### Definisjonar:

**Samleveg:** Hovudvegar (Europaveg, Riksveg, Fylkesveg), kollektivgate, sentrumsgate, forretningsgate, gate med parkeringsareal, industriveg, tung-trafikkåre, hovudåtkomst til boligområder og veger tilgrensande til kommunale institusjonar, skoler og barnehagar.

**Adkomstveg:** Kjøreveg som ikkje er samleveg, boligveg, stikkveg, blindveg, veg med lokaltrafikk, bygdeveg.

**Gang- og sykkelveg:** Områder utan biltrafikk, eller der kjøring skjer på gåande sine premisser, gågater, gatetun, torg.

### 1.1.1 Beredskapsperiode

Ordinær beredskapsperiode er frå veke 41 til veke 18.

## 1.2 Generelle krav til standard for drift og vedlikehald

1. Vegane skal være framkommelege for kjøretøy som er normalt utstyrt for vinterkjøring. Dette skal oppnåast ved å redusere mengda snø og is på vegen samt sikre tilstrekkelig veg-grep for trafikantane.
2. Gang- og sykkelveg og fortau skal være farbare for fotgjengarar og syklistar slik at dei føretrekk å ferdast på gang- og sykkelvegen og fortauet framfor i køyrebana.
3. Parkeringsareala skal være tilgjengelige iht. behov slik at trafikantane ikkje må parkere på andre areal i vegbanen, evt. skal disse brøytes den tid på døgnet det er minst parkering.
4. Bruksareal og tilkomstveger til skule, barnehage og kommunale institusjonar skal brøytast og ryddast for snø slik at ferdsel til og frå institusjonane ikkje vert hindra og slik at areala er framkommelege og tjenlige for institusjonanes brukarar og besøkande.

## 1.3 Spesifikasjonar og krav

### 1.3.1 Snøbrøyting

1. Brøyting av samleveger, adkomstvegar og gang- og sykkelveger starter når det er 7 cm snø på vegbanen. Det skal være ferdig gjennombrøyt innnan 10 timer.
2. Det skal brøytes i kjørefeltas fulle bredde, om ikkje faste sidehinder eller parkerte kjøretøy hindrar dette.
3. Brøyting skal utføres slik at underlaget blir utan sjenerande issvullar o.l. Det skal ikkje ligge igjen snørankar over kryssande offentlige veier og gangfelt, og snø skal ikkje haugast på en slik måte at sikten i kryss hindrast. Der det ikkje er faste sidehinder, skal det brøytes på en slik måte at bortkjøring av snø ikkje blir nødvendig.
4. Oppdragsgivar reserverer retten til, ut frå tidlegare års erfaringar, å anwise overfor entreprenør kvar snøen frå vei og fortau skal deponerast eller brøytes.

5. I veier utan fortau fordeles snøen til begge sider, om ikkje et av sideområda er klart betre egna til lagring av snø. I veier med fortau på en side, brøytes normalt all snøen over til motsett side. I veger med to fortau fordeles snøen til begge sider, om ikkje et av sideområda er klart betre egna.
6. Det skal brøytes i fortauets fulle bredde dersom ikkje faste sidehinder hindrar dette.
7. Haldeplassane skal ryddast for snø i hele fortauets bredde. Ranke og snøhaugar skal ikkje leggest igjen framføre leskur eller langs kantstein på haldeplassar.